

22.06.2023

OPPMANNSRAPPORT

ENG0030 2023

Vidar Halvorsen
MØRE OG ROMSDAL

INNLEIING	2
OPPDRAGET OG ANSVARLEGE.....	2
GRUNNLAGET FOR RAPPORTEN	2
FELLESSENSUR OG FORSTERKA SENSORSKULERING	2
FORSTERKA SENSORSKULERING.....	2
FELLESSENSUREN.....	3
RETTELEIINGSMATERIELLET	4
FØREBUINGSMATERIELLET	4
TEMA	4
MENGDE	4
SAMANSETTING AV FØREBUINGSMATERIELLET	4
KOMMENTARAR TIL EKSAMENSOPPGÅVENE	5
EINSKILDOPPGÅVER, OPPGÅVESETT OG KANDIDATVAL	5
KOPLING MELLOM FØREBUINGSDELEN OG EKSAMENSOPPGÅVENE	5
FORSLAG TIL NYE TEMA.....	5
KOMMENTARAR TIL PRAKTISK GJENNOMFØRING AV EKSAMEN	5
KOMMENTARAR TIL PRAKTISK GJENNOMFØRING AV SENSUR	6
SENSURARBEIDET	6
VURDERINGSSKJEMAET.....	6
OPPSUMMERING	6

INNLEIING

Oppdraget og ansvarlege

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har ansvaret for organisering og gjennomføring av sentralt gitt skriftleg eksamen i engelsk (ENG0030) i eksamensregionen Møre og Romsdal.

Følgjande personar blei nemnd opp til å sitje i oppmannsgruppa:

Vidar Halvorsen (Oppmann)

Siw Annichen Lundquist (Varaoppmann)

Maren Klev (Assisterande oppmann)

Jan Halvard Holmøy (Assisterande oppmann), seinare Lillian Fjørtoft

Statsforvaltaren ved direktør Maren Ørjasæter opna møtet, og seniorrådgivar Annhild Lorentzen gav praktisk informasjon om fellessensuren. Alt organisatorisk blei godt varetatt av medarbeidarane hos Statsforvaltaren.

Grunnlaget for rapporten

Oppmannsrapporten er skrive på grunnlag av innspel, kommentarar og samtalar under ulike møter i løpet av prosessen med sensuren.

Sensorskulering (Gardermoen, 28.03.23)

Førehandssensur (Oslo, 31.05-01.06.23)

Forsterka sensorskulering (Molde, 05.06.23)

Møte i oppmannsgruppa (Molde, 19.06.23)

Fellessensuren (Molde, 20.06.23)

Dette er andre gongen Møre og Romsdal er eigen eksamensregion. Med tanke på det lange opphaldet grunna pandemien vi har vore igjennom, og med tanke på gjennomføring av ny eksamensordning, så kan vi seie at det har vore ei spennande tid, samtidig med at prosessen har vore godt gjennomført av alle involverte.

FELLESSENSUR OG FORSTERKA SENSORSKULERING

Forsterka sensorskulering

Denne skuleringa blei gjennomført i etterkant av førehandssensuren i Oslo. 20 sensorar var invitert til møte mandag 05.06 på Scandic Alexandra Molde, og dei aller fleste var med under møtet. Møtet vart leidd av dei på oppmannsgruppa som hadde vore på førehandssensuren i Oslo veka før.

Sjølve møtet blei opna av representantar frå Statsforvaltaren med praktisk informasjon til sensorane i alle eksamensfaga, før kvart fag samla seg i grupper til parallelle fagøkter. I denne fagøkta formidla først oppmannsgruppa informasjon frå UDIR, mellom anna gjennom visning av ein informasjonsfilm, presisering av informasjon og svar på spørsmål frå sensorane. Vi hadde også ein representant frå fagnemnda til stades (Lin-Marita Sandvik), som kunne gi ytterlegare informasjon og svare ut einskilde spørsmål. Deretter gjekk sensorane i gang med vurdering av kandidatsvar i gruppene.

Under førehandssensuren i Oslo blei det bestemt å velgje ut fem tekstar som sensorane skulle vurdere under sensorskoleringo. Oppmannsgruppa leidde gjennomgangen etter same mønster for kvart kandidatsvar:

Individuell lesing av svaret.

Individuell vurdering av svaret.

Drøfting av vurderinga i grupper.

Gruppevurdering av svaret.

Kommentarar frå oppmannsgruppa ut frå informasjon frå førehandssensuren.

Fem tekstar skulle vise seg å vere ei passeleg mengd for dagen, sjølv om ein kunne ønskje seg betre tid med kvart kandidatsvar. Sensorane var svært engasjerte og deltok godt både under drøftingane i grupper og med innspel på slutten etter kommentarane frå oppmannsgruppa. Fleire kommenterte at det var nyttig å få øve på vurdering og bruk av kriterium, matrise og skjema i trygge former under denne dagen.

[Fellessensuren](#)

Fellessensuren blei gjennomført på Scandic Alexandra Molde 19. og 20. juni.

Oppmannsgruppa møttest mandag 19. juni til førebuande møte og samordning i gruppa si. På grunn av sjukdom i sensorkorpset og i oppmannsgruppa blei det gjort nokre justeringar i den praktiske gjennomføringa av sensuren. Dette blei særskilt godt ivaretatt av representantane frå Statsforvaltaren, som hadde jobba hektisk med å få til ei god løysing på utfordringa.

Vi var derfor 19 sensorar under fellessensuren, inkludert oppmannsgruppa. Statsforvaltaren hadde ein felles velkomst før deling av viktig informasjon om dagen. Deretter gjekk faga til sine møter, der Statsforvaltaren greidde ut om rammene for arbeidet. Så hadde oppmann ei kort økt der alle sensorane kunne uttale seg om gjennomføringa av eksamen, før den foreløpige karakterstatistikken blei presentert. Innspel frå sensorane har blitt tatt med i denne rapporten.

Etter dette var det klart for samordning av vurdering i sensorpara. Kvart sensorpar leverte minst to kandidatsvar til oppmannsgruppa, og gjerne fleire der dei var i tvil. Gjennomføringa av fellessensuren var god, og oppmannsgruppa har inntrykk av at sensorane har gjort grundig arbeid med vurdering og samordning.

Nedanfor er først foreløpig karakterstatistikk (19.06.23), før endelige karakterar etter fellessensur og før eventuelle klager (21.06.23) kjem i etterkant.

Tal på kandidatar	Karakter 1	Karakter 2	Karakter 3	Karakter 4	Karakter 5	Karakter 6	Snitt
1176	3,66	11,27	29,17	36,27	16,16	3,49	3,60

Tal på kandidatar	Karakter 1	Karakter 2	Karakter 3	Karakter 4	Karakter 5	Karakter 6	Snitt
1176	3,74	10,63	29,17	36,48	16,75	3,23	3,62

RETTELEIINGSMATERIELLET

Eksamensrettleiinga frå UDIR er eit viktig grunnlagsdokument for gjennomføringa av eksamen. Rettleiinga er publisert på nettsidene til UDIR i god tid før eksamen, slik at kandidatar, lærarar og skular kan gjere seg kjent med innhaldet ved høve. Dette er tydeleg kommunisert til skulane, men ein ser at det framleis er forskjell på kor godt kandidatane er førebudd. Detaljar rundt levering av svar kan godt understrekast enda tydelegare, som at svaret skal leverast i pdf-fil og utan namn. Vi høyrer også om kandidatgrupper som ikkje har fullgod rettleiing på førebuingsdagen. Her kan godt forslag til bruk av tida kome i fleire detaljar og bli gjort tydelegare.

Sensorane er gjennomgåande fornøgd med vurderingskriteria og kjenneteikna på at mål er oppnådd som ligg i matrisa. Det er ikkje til å unngå at det vert kravd ein del av sensorane når vurderingsforma er såpass endra, med mange delkarakterar som må registrerast for kvar del av kandidatsvara. Likevel er det stor vilje til å gjennomføre dette, spesielt når vi opplever at det er med på å sikre rettferdig og lik sensur nasjonalt. Fagord som *relevans*, *framdrift* og *kontekst* har kravd at sensorane må finlese kjenneteikna for å gjere seg kjent med kva ein skal sjå etter i kandidatsvara. Det har også blitt jobba godt med å definere desse uttrykka på sensorskuleringane.

Det har ved fellessensuren i tidlegare år blitt peika på at elevane må bli meir kjent med typiske vurderingskriterium og kjenneteikn på at mål er oppnådd. Vi ser i gjennomgangen av kandidatsvara på einskilde oppgåver at denne bodskapen må forsterkast.

FØREBUINGSMATERIELLET

Tema

Temaet blei godt tatt imot av sensorane, og det verkar som at det har vore inspirerande og opna for mange moglegheiter. Dette gjeld spesielt fokus på *diversity* og forskjellar i måten vi brukar språket på. Det blei peika på at delar av førebuingsmateriellet likevel verkar å ha høg vanskegrad, samtidig som det kan vere vanskeleg for fleire kandidatar å relatere seg til spesielt den skjønnlitterære delen.

Mengde

Sensorane meiner at det var ei passeleg mengd tekstar, slik at elevane burde ha godt med tid til å lese, studere og jobbe med tekstane på ulike måtar under førebuinga.

Samansetting av førebuingsmateriellet

Sensorane kommenterer at materiellet er godt sett saman, sjølv om ein litt vanskelegare tilgjengeleg skjønnlitterær tekst får stor plass. Det er fin variasjon i teksttypar. Sjølv om det er stor overvekt av sakprosatekstar, så er desse varierte, samt at fleire tekstar er samansette med bilet og lyd. Det blei stilt spørsmål om lydfiler og om desse blir presentert på den beste moglege måten gjennom talesyntese.

KOMMENTARAR TIL EKSAMENSOPPGÅVENE

Einskildoppgåver, oppgåvesett og kandidatval

Det har skjedd ein god del endringar i eksamensoppgåvane sidan sist eksamen blei gjennomført. I del 1 skal elevane vise kompetanse i lytting og lesing ved å løyse fleire oppgåver gjennom å velge svaralternativ. Det er ein god variasjon i oppgåvetypar i denne delen, og det er klart for kandidatane kva dei skal gjere.

I del 2 skal kandidatane vidareformidle informasjon frå ein tekst dei lyttar til. Her blei det peika på at mange kandidatar sleit med å vise kompetanse rundt kriteriet *kontekst*. Kanskje kunne det vore enda tydelegare for kandidaten både kva for type tekst som er forventa, og korleis dei skal markere konteksten som dei skal skrive i.

I del 3 skal kandidatane vise kompetanse i samhandling ved å gi respons på noko dei har lese. Dette er ein oppgåve mange har fått til bra. Likevel er det kanskje ikkje tydeleg for alle at dei skal gi respons på fleire enn eitt innlegg.

I del 4 skal kandidatane vise kompetanse i skriftleg produksjon i høve til temaet. Her kunne dei velje mellom fire oppgåver. Det verkar som om flest kandidatar har valt å svare på oppgåve 26C. Her har ganske mange ikkje klart å svare på alle delane av oppgåva. Fleire har greidd å drøfte både *pros and cons*, men ikkje i like stor grad. Den siste delen av oppgåva om gi folk frå ulike bakgrunnar ein stemme, var det vanskelegare å svare på. Fleire av oppgåvene hadde spennande ordlyd som opna for utforsking, refleksjon og argumentasjon. Alle oppgåvene opna for at kandidatane kunne skrive både skjønnlitterære tekstar og sakprosatekstar. Likevel ser vi at det er ei stor overvekt av sakprosatekstar. Kanskje bør det vurderast ein forandring i ordlyden til oppgåvene, slik at det opnar meir for kreative løysingar med skjønnlitterære og samansette tekstar?

Kopling mellom førebuingsdelen og eksamensoppgåvene

Vi ser at det er rimeleg lett å kople saman desse med eit tema som *Meeting*. Det kjem fram kanskje tydelegast i del 3 og del 4. I del 3 kan elevane bruke konkrete delar av førebuingsmateriellet i oppgåveløysinga. I del 4 er kvar oppgåve meir eller mindre knytt til delar av førebuingsmateriellet, og i nokre tilfelle skal eleven bruke dette materiellet konkret i skrivinga.

FORSLAG TIL NYE TEMA

Det har ikkje kome forslag til nye tema frå sensorane. Kanskje kan ein ta utgangspunkt i dei tverrfaglege temaa i den nye læreplanen når ein skal utvikle nye eksamenar, for eksempel livsmeistring og demokrati.

KOMMENTARAR TIL PRAKTISK GJENNOMFØRING AV EKSAMEN

Det kom fram at det har vore nokre problem med gjennomføring av førebuingsdagen, der fleire har slitt med å få tilgang til førebuingsmateriellet. Dette førte til ei utviding av eksamensdagen. Nokre skular hadde gjort det mogleg for kandidatar å få materiellet skrive ut på papir. Fleire opplever det som kognitivt forsterkande å kunne bla fysisk i ei papirutgåve og ikkje berre bruke skjerm. Det kom spørsmål om korleis UDIR stiller seg til at det ikkje var lett å lytte til tekstane undervegs for alle. Ein opplesingsfunksjon blei etterspurd.

Det har også kome ein del spørsmål knytt til bruk av kunstig intelligens til tekstproduksjon under førebuingsdelen, slik at eleven kunne ta med seg desse inn i sjølve prøvedagen. Dette har blitt svara ut undervegs av UDIR, spesielt kopla til tema som plagiat og fusk.

KOMMENTARAR TIL PRAKTIK GJENNOMFØRING AV SENSUR

Sensurarbeidet

Sensurarbeidet har gått stort sett bra. Det har vore ei utfordring med sensorar som har blitt sjuke undervegs, slik at dei har måttå gått ut av arbeidet. Ein ny sensor gjekk tidleg inn i arbeidet og erstatta ein sensor som vart sjuk i starten av sensurarbeidet, mens fleire sensorar tok på seg meir arbeid undervegs. Det har vore arbeidd godt frå Statsforvaltaren med å sikre at sensuren blir rettferdig og valid.

Fleire sensorar kommenterer at dei føler seg betre førebudd til å drøfte vurdering i sensorpar etter å ha arbeidd med nye vurderingskriterium og kjenneteikn på at mål er oppnådd.

Vurderingsskjemaet

Det nye vurderingsskjemaet er heildigitalt. Sensorar må nytte seg av programmet Microsoft Excel og fylle inn delkarakterar i ulike celler. Til saman skal 15 ulike karakterar setjast, i tillegg til føring av poeng frå del 1 av prøven, før programmet bereknar eit forslag til karakter. Derifrå må sensorane utøve skjønn i fastsetjing av endeleg karakter.

Det er delte erfaringar med bruken av vurderingsskjemaet. Det er ein generell oppfatning at det spesielt i starten av arbeidet tar lengre tid å vurdere eit kandidatsvar, ettersom det er fleire moment å dokumentere i skjemaet, eller iallfall verkar å vere det, samanlikna med tidlegare vurderingspraksis. Ettersom ein kjem meir inn i det, har mange sensorar kommentert at dei synest det blir lettare å sjå kva kandidaten får til. Styrkane og svakheitene i kandidatsvaret kjem ofte klarare fram.

Sensorar kommenterer at det har vore vanskeleg å bli vant til kva som skal førast i ulike situasjonar, for eksempel ved manglande svar, eller ved svar som har lite relevans. Dette gjeld spesielt der kandidaten viser godt språk når svaret ikkje er relevant elles. Det blei nemnd at ein kunne ønska å vurdere språk for kvar oppgåve, ettersom det var stort sprik i språkføring frå oppgåve til oppgåve.

Ein må også kommentere at det har medført meirarbeid for sensorar når det blei oppdaga feil i poenggiving i del 1. Sensorar måtte inn og sjekke om kandidatar med nynorsk som hovudmål hadde fått eitt poeng for mykje på grunn av ein feil i kodinga. Vidare blei det også oppdaga ein skrivefeil i ein oppgåve som gjorde at nokre kandidatar måtte få godkjent eit anna svar. Sensorane har tatt dette med fatning, sjølv om det har medført ein del frustrasjon undervegs.

OPPSUMMERING

I det store og heile har årets sensorarbeid vore prega av godt arbeid og god kommunikasjon og støtte frå Statsforvaltaren. Arbeidet er godt kvalitetssikra gjennom førehandssensur og kommunikasjon med UDIR og Statsforvaltar om utviklinga i sensuren, noko som også gjer at ein avdekker og kan rette opp feil som oppstår. Hovudinntrykket av eksamen og sensur 2023 er av ei god utvikling i praksis, og av ein lærerik og inspirerande prosess.